**Fyresdal kommune**

| | |
|---|---|
| Arkiv: | 210 |
| Saksmappe: | 2026/687-4 |
| Saksbeh.: | Lars Erik Storm Loraas |
| Dato: | 20.10.2026 |

**Saksframlegg**

## Økonomirapportering pr. 01.09.26

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg | | |

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg**

**Dokument i saka:**

Rekneskapsrapport frå økonomisystemet

**Bakgrunn for saka:**

Kommunedirektøren skal minst pr. 1. mai og 1. september legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen på kvar sektor.

**Vurdering:**
*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.*

Sektoren for kultur og oppvekst ligg, slik tala viser per i dag, an til eit meirforbruk på 3,6 millionar kroner. Meirforbruket kan bli noko redusert dersom forventa refusjonar kjem inn.

Gimle skule

Gimle skule ligg an til eit meirforbruk på 2,8 millionar kroner.

Årsaker:

Det er budsjettert med at skulen skulle vere nedbemanna frå august 2026. Dette er ikkje gjennomført. Lønskostnadene utgjer eit meirforbruk på 2,4 millionar kroner.

Denne månaden hadde Gimle skule eit meirforbruk på fastløn på 328 769 kroner samanlikna med budsjettert nivå. Dette svarar til om lag fem årsverk som ikkje er kutta.

Forventa inntekter:

- Refusjon knytt til lønsoppgjeret.
- Refusjon av sjukepengar.
- Mogleg refusjon av IMDi-midlar.

Tiltak:

- Ledige stillingar skal ikkje erstattast.
- Neste budsjettår bør delast i to budsjettperiodar: 7/12 av årsbudsjettet for januar–juli og 5/12 for august–desember. Fleire vikariat går ut i juli og skal ikkje erstattast.

Barnehagen

Barnehagen ligg an til eit meirforbruk på om lag 340 000 kroner.

Det er lyst ut ei barnehagelærarstilling på 60 prosent, då ein barnehagelærar i tilsvarande stillingsprosent sluttar.

Årsaker:

Barnehagen har fått eit lågare budsjett enn året før. Barnehagen følgjer minstenorma for bemanning, og det er derfor avgrensa høve til å redusere lønskostnadene ytterlegare.

Forventa inntekter:

- Refusjon knytt til lønsoppgjeret.
- Refusjon av sjukepengar.
- Refusjon knytt til vidareutdanning.

Kulturarbeid

Kulturarbeidet ligg an til eit meirforbruk på 357 000 kroner. Det er venta ein refusjon på 300 000 kroner, noko som vil redusere det venta meirforbruket til om lag 57 000 kroner. Dette inneber at området nærmar seg budsjettbalanse.

Øvrig kultur

Øvrig kultur ligg an til å gå i balanse.

**Konklusjon:**

Pr. 01.09.26 ligg sektoren på eit merforbruk på ca. 2,8 millionar.

**Innstilling frå kommunedirektøren:**

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg tek den økonomiske stoda i sektoren pr. 01. september 2026 til orientering.